



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgate 22
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/3493-

Dato
27. juni 2025

**Svar på spørsmål nr. 2630 til skriftlig besvarelse fra
stortingsrepresentant Geir Pollestad til samferdselsminister Jon-Ivar
Nygård**

Spørsmål:

«Kan statsråden gje ein oversikt over kor stor del av dei innbetalte bompengar i 2024 som kjem frå høvevis: vegprosjekt frå før 1. oktober 2013, vegprosjekt mellom 1. oktober 2013 og til 1. oktober 2021, og vegprosjekt etter 1. oktober 2021?»

Svar:

I 2024 var passeringsinntektene i alle bompengeprojekt på totalt 15,5 mrd. kr, og 5,7 mrd. kr av desse var knytte til vegprosjekt utanfor byområde. Strekningsvise projekt og vegpakker utanfor byområde er inkludert i denne summen for vegprosjekt. Følgjande bompengepakker i byområde er ikkje inkluderte: Samferdselspakke for Kristiansandsregionen fase 2/3, Vegpakke Harstad, Førdepakken, Haugalandspakken, Bypakke Grenland, Bypakke Bodø, Bypakke Tenk Tromsø, Bypakke Ålesund, Bypakke Nedre Glomma fase 2, Miljøpakke Trondheim, Bypakke Nord-Jæren, Bypakke Bergen og Oslopakke 3.

Tabellen nedanfor viser korleis passeringsinntektene i 2024 for vegprosjekta fordelte seg etter når prosjekta blei lagt fram i statsråd. I tillegg er tilsvarande fordeling for inntektsprognosane i 2025 oppgjeven.


	2024	2025 (prognose)
Før 1. oktober 2013	51,7 %	49,3 %
1. oktober 2013-1. oktober 2021	47,9 %	50,4 %
Etter 1. oktober 2021	0,4 %	0,4 %

For enkelte av vegpakkene har det blitt vedteke reviderte eller utvida finansieringsopplegg. For desse er det tatt utgangspunkt i den datoen pakken opphavleg blei fremja i statsråd, og ikkje det reviderte opplegget. For strekningsvise prosjekt som sjåast på samla sett når det gjeld innkrevjing av bompengar, er det teke utgangspunkt i datoen for den første stortingsproposisjonen.

Eg gjer merksam på at denne informasjonen er basert på rapporterte tal frå bompengeselskapa som enno ikkje er kvalitetssikra av Statens vegvesen. Eg tek difor atterhald om at det kan skje justeringar når endelege tal om bompengeinnkrevjinga i 2024 ligg føre rundt månadsskiftet august/september i år.

Det er fleire prosjekt som er vedtekne etter 2013 kor bompengeinnkrevjinga enno ikkje har starta opp, samstundes som det og finst prosjekt i desse periodane som allereie har avslutta innkrevjinga.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård